

GUDSTENESTE I SKULETIDA – VOSS KOMMUNE

Voss kommune har evaluert ordninga med jolesamling i kyrkja for alle elevane. Denne ordninga opphøyrer, i si noverande form, m.a. på bakgrunn av at forankringa ligg i KRLE-faget, noko som ikkje er i tråd med gjeldande regelverk.

Utdanningsdirektoratet seier: «Skulane kan gjennomføra gudstenester som ein del av si generelle kultur- og tradisjonsformidling. Gudstenesta kan ikkje vera en del av KRLE-faget; jf.

§ 1-1 i Opplæringslova; Formålet med opplæringa»

Det er verdt å merka seg at foreldra, eller den enkelte elev, dersom han eller ho er over 15 år, kan melda om fritak frå deltaking i gudstenester. Fritak omfattar også øving til deltaking i gudstenester.

Voss kommune skal i tida frametter ta stilling til om skulane i kommunen skal tilby ei vanleg skulegudsteneste og eit likeverdig, alternativt tilbod. Det er viktig at det vert sams ordning for alle skulane i kommunen.

Viktige føresetnader for gjennomføringa av ei skulegudsteneste (henta frå Udir):

- *Skolene skal gjennomføre gudstjenesten i samarbeid og forståelse med foreldrene og elevene. Dersom skolen ønsker å arrangere eller delta på en gudstjeneste, bør dette tas opp med foreldre i forkant, for eksempel gjennom samarbeidsutvalg eller foreldreråd.*
- *Det skal være enkelt for foreldrene eller elevene å forstå hva de eventuelt skal be seg fritatt for.*
- *Skolen skal gi informasjon i så god tid at foreldrene eller elevene som ønsker det, med rimelig frist, kan melde om fritak.*
- *Skolen må tilby ikke-diskriminerende fritaksordninger gjennom likeverdige alternative tilbud for de som melder om fritak*
- *Skolen bør organisere deltagelse på gudstjenester ved at elevene aktivt melder seg på. Det bør være samtidig påmelding til gudstjenester og alternative tilbud.*
- *Foreldrene eller elevene skal ikke måtte gi ut informasjon om egen tro.*
- *Rektor bør jevnlig gjennomgå reglene om fritak fra aktiviteter med lærerne for å sikre at fritaksretten praktiseres riktig.*

Vidare framdrift i saka:

1. Rektorane og leiar for skulane drøftar saka, og tek standpunkt til om ein skal tilby skulegudsteneste og alternativt, likeverdig tilbod – i tråd med retningslinene til Udir.
2. Skulane informerer om avgjerda, og innhaldet i tilboda, i FAU/SU.

3. I tilfelle ein landar på å gje to likeverdige tilbod:

- Skulane sender heim informasjonsskriv (tidleg i november), der det går fram kva begge tilboda inneber, og der elevane aktivt melder seg på til begge tilboda.
- Skulane samarbeider om innhaldet i eit alternativt tilbod.
- Gudstenesta/alternativt tilbod skal ikkje leggjast til siste dagen før jol.

Mvh

Rigmor Hanssen

-leiar for grunnskulane-

Voss kommune